DET KONGELEGE
ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 16 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Energidepartementet

Tilråding frå Energidepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Energidepartementet med forslag til endringar i statsbudsjettet 2026 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2026

Kap. 1800 Energidepartementet

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner, til 13,2 mill. kroner, som følge av endra valutakursar.

Kap. 1810 Sokkeldirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9,7 mill. kroner, til 450,8 mill. kroner. Årsaka er lågare gebyrfinansiert timebruk og lågare sektoravgiftsfinansiert aktivitet, jf. tilsvarande reduksjonar under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter, og kap. 5582, post 74 Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, kan overførast, kan nyttast under post 61

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 110 mill. kroner, til 40 mill. kroner. Reduksjonen heng i hovudsak saman med at planlegging, prosjektering og gjennomføring av fleire tiltak har tatt lengre tid enn anslått, og at det ikkje har vore større flaum- og skredhendingar hittil i år.

Post 75 Straumstønadsordning, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 150 mill. kroner, til 6 000 mill. kroner. Løyvinga er basert på ein terskelverdi på 75 øre per kWh for forbruk i desember 2025 og 77 øre per kWh frå og med 1. januar 2026. Stønadsgraden over terskelverdien er 90 prosent, og det blir gitt stønad for dei timane der spotprisen overstig terskelverdien. Det blir ikkje gitt stønad for forbruk over 5 000 kWh per månad per målepunkt. Forslaget til overslagsløyving er basert på faktisk utbetalt stønad for forbruk til og med august 2026, forbruksprofilen i hushalda frå 2024 og anslag på straumprisar for 2026 baserte på terminprisar frå oktober 2026.

Kostnadsanslaget for straumstønadsordninga er usikkert. Kor store utgifter staten får, kjem an på kor mange som beheld ordninga ut året, og korleis straumprisane og straumforbruket utviklar seg. Basert på statistikk frå Elhub frå starten av oktober er det lagt til grunn at 30 prosent av bustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5), 45 prosent av bustadene i Midt-Noreg (NO3) og alle bustadene i Nord-Noreg (NO4) fell inn under ordninga. Dei som ikkje fell inn under ordninga, har valt Noregspris.

Løyvinga skal dekke utbetaling av stønad til hushald for straumforbruk frå og med desember 2025 til og med november 2026. Stønad for straumforbruk i desember 2026 blir utbetalt i januar 2027.

Post 76 Straumstønad for nærvarme, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner, til 2 mill. kroner. Løyvinga er basert på den faktisk utbetalte stønaden til og med september 2026 og prognosen for utbetaling ut året. Ordninga blir avvikla frå og med 2027. Dersom nærvarmeleverandøren legg til rette for det, kan nærvarmekundar delta i Noregspris eller få straumstønad for fjernvarme. Stønadsutbetalingar i 2027 som gjeld forbruk i 2026, blir dekte av ubrukt løyving som blir overført frå 2026.

Post 77 Noregspris for straum, overslagsløyving

Noregspris er eit alternativ til straumstønadsordninga for hushald. Noregspris gir bustader og fritidsbustader høve til å velje ein fast og føreseieleg pris på straum.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 8 000 mill. kroner, til 23 400 mill. kroner. Løyvinga er basert på ein Noregspris på 40 øre per kWh eksklusiv avgifter (referansepris), faktisk utbetalt stønad for forbruk til og med august 2026, forbruksprofilen frå 2024 og anslag på straumprisar baserte på terminprisar frå oktober 2026. Noregspris omfattar dei første 5 000 kilowattimane med straumforbruk per månad per målepunkt for bustader og bustadselskap, og tilsvarande dei første 1 000 kilowattimane for fritidsbustader.

Kostnadsanslaget for ordninga er usikkert. Kor store utgifter staten får, kjem an på kor mange som vel Noregspris ut året, og korleis straumprisane og straumforbruket utviklar seg. I kostnadsanslaget for 2026 er det lagt til grunn at 70 prosent av bustadene og 80 prosent av fritidsbustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) vel Noregspris. Tilsvarande andelar for Midt-Noreg (NO3) er 55 og 60 prosent. For Nord-Noreg (NO4) er det lagt til grunn at ingen bustader eller fritidsbustader vel Noregspris. Løyvinga skal dekke utbetaling av prissikringsbeløp i perioden frå og med desember 2025 til og med november 2026. Prissikringsbeløpa vil bli netto avrekna per månad. Det er venta at staten vil ha netto utgifter til prissikring kvar månad i 2026.

Post 78 Noregspris for fjernvarme, overslagsløyving

Noregspris for fjernvarme har om lag same innretning som Noregspris for straum, jf. kap. 1820, post 77 Noregspris for straum. Ordninga skal bidra til å gi føreseielege utgifter til oppvarming for hushaldskundar av fjernvarmeanlegg.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 300 mill. kroner, til 1 400 mill. kroner. Løyvinga er basert på ein Noregspris på 40 øre per kWh eksklusiv avgifter (referansepris), faktisk utbetalt stønad til og med juli 2026 og anslag på straumprisar baserte på terminprisar frå oktober 2026. Noregspris omfattar forbruk opp til 4 500 kWh per månad per energimålar for bustader og bustadselskap og tilsvarande opp til 1 000 kWh for fritidsbustader.

Kostnadsanslaget for ordninga er usikkert. Kor store utgifter staten får, kjem an på kor mange som vel Noregspris ut året, og korleis straumprisane og straumforbruket utviklar seg. I kostnadsanslaget for 2026 er det lagt til grunn at 90 prosent av bustadene på Austlandet (NO1) og i Sør-Noreg (NO2), 70 prosent av bustadene på Vestlandet (NO5) og 45 prosent av bustadene i Midt-Noreg (NO3) vel Noregspris. For Nord-Noreg (NO4) er det lagt til grunn at ingen, verken bustader eller fritidsbustader, vel Noregspris. For fritidsbustader er det berre ein svært liten del som har Noregspris for fjernvarme. Hushald som ikkje vel Noregspris for bustaden sin, fell inn under straumstønadsordninga for fjernvarme, som er dekt av løyvinga under kap. 1820, post 79 Straumstønad for fjernvarme. Det er venta at staten vil ha netto utgifter til prissikring kvar månad i 2026.

Kap. 1825 Energieffektivisering og -omlegging

Post 50 Klima- og energifondet

Departementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kroner, til 1 350 mill. kroner. Løyvinga skal gå til energieffektivisering, mellom anna i hushaldssektoren. Departementet foreslår å omdisponere midlar frå ordninga med energitiltak

i kommunale bygg for å finansiere auken, jf. kap. 1825, post 60 Tilskot til energitiltak i kommunale bygg. Begge ordningane har det same overordna formålet. Ordningane til Enova gir vesentleg høgare energiresultat per tilskotskrone enn ordninga med energitiltak i kommunale bygg gjennom Husbanken.

Post 60 Tilskot til energitiltak i kommunale bygg, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 50 mill. kroner, til 150 mill. kroner, som følge av lågare etterspørsel etter energitiltak i kommunale bygg. Departementet foreslår å omdisponere midlane til kap. 1825, post 50 Klima- og energifondet.

Kap. 1850 Klima, industri og teknologi

Post 72 Langskip – fangst og lagring av CO_2, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 350 mill. kroner, til 1 550 mill. kroner. Reduksjonen er basert på oppdaterte kontantinnkallingar frå industriaktørane og prognosar frå Gassnova, som viser eit lågare utbetalingsbehov i 2026 enn det som tidlegare er lagt til grunn. Reduksjonen heng i hovudsak saman med forskyving av utbetalingar til Hafslund Celsio frå 2026 til 2027. Forskyvinga er tatt omsyn til i løyvingsforslaget for 2027, jf. Prop. 1 S (2026–2027) for Energidepartementet.

Post 73 Noregs forskingsråd, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 180 mill. kroner, til 810 mill. kroner. Reduksjonen heng saman med eit oppdatert anslag frå Forskingsrådet for utbetalingar i 2026. Innføringa av etterskotsvis fakturering og bruttobudsjettering gjer at utbetalingstakten er lågare enn tidlegare budsjettert, og at ein større del av utbetalingane knytte til eksisterande økonomiske forpliktingar blir utsette til 2027 og seinare år.

Tilsegnsfullmakta må aukast tilsvarande for å gi Forskingsrådet den juridiske ramma som trengst for desse forpliktingane. Departementet foreslår derfor ei tilsegnsfullmakt på 4 430 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Departementet viser også til omtale av endringar i løyvingsbehovet til Noregs forskingsråd i kap. 3.4 i omgrupperingsproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2026.

Kap. 4800 Energidepartementet

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, til 2,4 mill. kroner. Årsaka er eit oppdatert anslag for kor mykje som blir betalt inn i garantipremie i 2026.

Kap. 4810 Sokkeldirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner, til 26 mill. kroner. Sjå nærmare omtale under kap. 1810, post 01 Driftsutgifter.

Post 03 Sal av undersøkingsmateriale

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 25,6 mill. kroner, til 0 kroner. Dei to aktørane som har fått tildelt prosjektområde på Utsira Nord, skal betale inn eit beløp for å dekke utgiftene staten har hatt til innsamling av grunnundersøkingar i området. Innbetalinga er utsett til 2027 i påvente av at Stortinget behandlar oppmodingsvedtak nr. 919 frå 9. juni 2026 om støtteprogrammet for flytande havvind. Ny betalingsfrist blir sett i 2027.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, til 10,5 mill. kroner. Årsaka er at meirverdiavgift er inkludert i berekningsgrunnlaget.

Kap. 4860 Havindustritilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner, til om lag 94,6 mill. kroner. Årsaka er i hovudsak innbetaling av utestående gebyrkrav frå 2025.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 22 mill. kroner, til 2 mill. kroner, fordi færre saker om vilkårsrevisjonar og fornying av konsesjonar er venta å bli ferdigbehandla i 2026. Anslaget er usikkert.

Post 71 Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner, til 204,7 mill. kroner. Årsaka er oppdaterte inntektsanslag for eksisterande avgiftspliktige konsesjonar, medrekna effekten av femårig indeksjustering.

Post 72 Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7,75 mill. kroner, til 174,75 mill. kroner. Årsaka er at meirverdiavgift er inkludert i berekningsgrunnlaget.

Post 74 Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner, til 93,9 mill. kroner. Årsaka er at meirverdiavgift er inkludert i berekningsgrunnlaget. Lågare sektoravgiftsfinansiert aktivitet trekker i motsett retning, jf. kap. 1810, post 01 Driftsutgifter.

Post 75 Sektoravgifter under Havindustritilsynet

Departementet foreslår å auke løyvinga med 8,5 mill. kroner, til 153,5 mill. kroner. Årsaka er høgare timepris og periodiseringseffektar. Aktivitetsnivået var høgt mot slutten av 2025, og innbetalinga for denne aktiviteten kom i 2026.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Stortinget har gitt Energidepartementet fullmakt til å godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene:

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Øvre grense for utbyggingskostnadene per enkeltprosjekt utgjer 30 mrd. 2026-kroner.[1]
3. Utbygginga må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er omtalt i Prop. 1 S (2025–2026), jf. Innst. 9 S (2025–2026), og er nytta ved desse høva:[2]

Albuskjell / Vest Ekofisk og Tommeliten Gamma

Den 13. februar 2026 fekk Energidepartementet søknad om å godkjenne planar for utbygging og drift (PUD) av felta Albuskjell / Vest Ekofisk og Tommeliten Gamma. Rettshavarane omtaler utbyggingane som Previously Produced Fields (PPF). PPF er ei samla utbygging av tre tidlegare produserande felt. Felta ligg i den sørlege delen av Nordsjøen. Det er levert inn to planar fordi Albuskjell og Vest Ekofisk har ei anna rettshavargruppe enn Tommeliten Gamma. Felta blir bygde ut samtidig med til saman fire havbotnrammer og elleve produksjonsbrønnar. Av desse kjem to havbotnrammer og seks brønnar på Albuskjell, éi havbotnramme og tre brønnar på Vest Ekofisk og éi havbotnramme og to brønnar på Tommeliten Gamma. Havbotnrammene i PPF skal dele infrastruktur og knytast til eksisterande infrastruktur på Ekofiskfeltet for prosessering og eksport. Energidepartementet har lagt til grunn ei heilskapleg vurdering av utbyggingane.

PUD-ane anslår dei samla utvinnbare ressursane for PPF til om lag 18,5 mill. Sm^3 oljeekvivalentar, hovudsakleg gass med noko assosiert olje og NGL. Produksjonen skal etter planen starte i fjerde kvartal 2028, med produksjonshorisont fram til 2048.

Rettshavarane i Albuskjell / Vest Ekofisk er Vår Energi ASA (52,284 prosent), ConocoPhillips Skandinavia AS (35,112 prosent), ORLEN Upstream Norway AS (7,604 prosent) og Petoro AS (5,000 prosent). Rettshavarane i Tommeliten Gamma er ORLEN Upstream Norway AS (62,61 prosent), ConocoPhillips Skandinavia AS (28,26 prosent) og Vår Energi ASA (9,13 prosent). Dei totale investeringane for PPF er i PUD-ane berekna til om lag 19 mrd. 2026-kroner. Av dette utgjer investeringane i Albuskjell / Vest Ekofisk 14,8 mrd. kroner og investeringane i Tommeliten Gamma 4,2 mrd. kroner.

Energidepartementet godkjende PUD-ane for Albuskjell / Vest Ekofisk og Tommeliten Gamma 5. mai 2026.

---

[1] Energidepartementet har fullmakt til å prisjustere ramma for utbyggingskostnader.

[2] Til og med 20. november 2026.

Energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Energidepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Energidepartementet:	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir redusert med	1 300 000
		frå kr 14 500 000 til kr 13 200 000	
1810		Sokkeldirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	9 700 000
		frå kr 460 500 000 til kr 450 800 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, *kan overførast, kan nyttast under post 61*, blir redusert med	110 000 000
		frå kr 150 000 000 til kr 40 000 000	
	75	Straumstønadsordning*, overslagsløyving*, blir auka med	1 150 000 000
		frå kr 4 850 000 000 til kr 6 000 000 000	
	76	Straumstønad for nærvarme*, kan overførast*, blir redusert med	2 500 000
		frå kr 4 500 000 til kr 2 000 000	
	77	Noregspris for straum*, overslagsløyving*, blir auka med	8 000 000 000
		frå kr 15 400 000 000 til kr 23 400 000 000	
	78	Noregspris for fjernvarme*, overslagsløyving*, blir auka med	300 000 000
		frå kr 1 100 000 000 til kr 1 400 000 000	
1825		Energieffektivisering og -omlegging:	
	50	Klima- og energifondet, blir auka med	50 000 000
		frå kr 1 300 000 000 til kr 1 350 000 000	
	60	Tilskot til energitiltak i kommunale bygg*, kan overførast*, blir redusert med	50 000 000
		frå kr 200 000 000 til kr 150 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
1850		Klima, industri og teknologi:	
	72	Langskip – fangst og lagring av CO_2*, kan overførast*, blir redusert med	350 000 000
		frå kr 1 900 000 000 til kr 1 550 000 000	
	73	Noregs forskingsråd*, kan overførast*, blir redusert med	180 000 000
		frå kr 990 000 000 til kr 810 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Energidepartementet:	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir auka med	200 000
		frå kr 2 200 000 til kr 2 400 000	
4810		Sokkeldirektoratet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	7 000 000
		frå kr 33 000 000 til kr 26 000 000	
	03	Sal av undersøkingsmateriale, blir redusert med	25 600 000
		frå kr 25 600 000 til kr 0	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med	200 000
		frå kr 10 300 000 til kr 10 500 000	
4860		Havindustritilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med	2 300 000
		frå kr 92 312 000 til kr 94 612 000	
5582		Sektoravgifter under Energidepartementet:	
	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag, blir redusert med	22 000 000
		frå kr 24 000 000 til kr 2 000 000	
	71	Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging, blir auka med	4 300 000
		frå kr 200 400 000 til kr 204 700 000	
	72	Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat, blir auka med	7 750 000
		frå kr 167 000 000 til kr 174 750 000	
	74	Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet, blir auka med	3 900 000
		frå kr 90 000 000 til kr 93 900 000	
	75	Sektoravgifter under Havindustritilsynet, blir auka med	8 500 000
		frå kr 145 000 000 til kr 153 500 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan gi tilsegn utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1850		Klima, industri og teknologi	
	73	Noregs forskingsråd	4 430 mill. kroner

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Trykksak 2041 0446